

FORELDREINFO OKTOBER 2024

Fritidsstøtte

I Bjerkreim kommune kan du søka om fritidsstøtte. Dette er ei støtteordning for barnefamiliar som treng økonomisk hjelp for at barna skal kunne delta på ein aktivitet på fritida. Søknad finn du [her](#)

FAU/SU

Referat frå SU 30.09 og FAU 28.10 finn de [her](#).

Neste møte i SU er 26.november kl 19:00



22.november går startskotet for Bjerkreim skule Maskorama. I fem veker skal elevane gjetta på kven som skjular seg bak maska, og stemma på kven dei vil ha med vidare.



Hei!

Mange kjekke aktivitetar på huset i oktober, først og fremst TV-aksjonen kor FAU saman med elevar og vaksne gjorde ein kjempeinnsats for å få samla inn pengar til Barnekreftforeningen. Me starta opp med *Saman for meistring time* på tvers av trinna etter haustferien, og skal ha det i 4 veker. Me har fått mange gode tilbakemeldingar frå elevar som kosar seg med kjekke aktivitetar mellom anna koding, fotball, syng og frileik. Veldig gildt å kunne byggja band mellom elevane på tvers av klassane og sjå korleis dei meistrar ting i lag.

Me søkte i haust om tilskot til skulebiblioteket og har nå fått innvilga dette. Midlane skal gå til personalressursar for å leggja til rette for kjekke aktivitetar på skulebiblioteket det kommande året.

Heim-skule samtalar med dykk foreldre er godt i gang. Dette er ein viktig møteplass for at me i lag kan samarbeide godt rundt barnet dykkar.

Minner om at me skal ha planleggingsdag 14. og 15.nov, og at elevane har fri desse dagane.

Mvh

Karen M. Ollestad, rektor